

Høyringsuttale til Områderegulering for Lonena

Saksnr.: 2014/5177

Området det er plan for er tidlegare del av utmarka til Isdal Felles. Tuftene til "Gamleskulen" er også i denne utmarka. Skulen var for bygdene Isdal og Gjervik og var plassert midt mellom desse. Elevane gjekk sjølvstilt til skulen og det vart opparbeid ferdselsveggar/stiar. På desse stiane og fleire til vart det eit flott turområde for innbyggjarar som flytta til Knarvik, og bygdene rundt.

Planområdet vart, lite framsynt, lagt ut som bustad i arealdel til kommuneplanen. Walde kjøpte, gjekk konkurs, og banken SR Bank tok over området. Ei bank tar alltid ein risiko, så også her.

Kommunen bygde veg til høgdebasseng på vestsida av Lonena, Knarvikmila med Helge Brekke såg potensiale i ei trimløype rundt Lonena og fekk grunneigar (SR Bank) med på ideen. Det beste folkehelseiltaket i regionen vart eit faktum, Brekkeløypa ! Folk strøymar til løypa, både frå nærområdet og tilreisande. Bruken av stinettet utanfor løypa er også betydeleg meir i bruk. Barnehagar, skular, lag og einskildpersonar nyttar området flittig. Til det beste for læring, folkehelsa og samfunnet.

I takt med auka folkevekst i Knarvik og omegn blir det heilt feil å redusera område for kortreist friluftsliv. Det er ikkje for mange område i Knarvik der ein kan nytta naturen. Boligar derimot kan ein byggja andre stader i Knarvik. Det er planar om 2000 boligar nedanfor E39, og der byggjes og kan byggjast på andre areal. Ein må og spørja seg om der i uoverskueleg framtid er behov for så mange boligar. Der kan byggjast andre stader enn i Knarvik. Ser fleire parti frontar at HEILE den nye Alver kommune skal takast i bruk. Gjer det !

Lonena er ein "indrefilet" i Knarvik-området, og er særleg viktig for å fremja trivsel og folkehelse. Området må utviklast og haldast godt ved like og sjåast på som ei investering i eit folkehelseperspektiv.

Eg oppmodar om å sei NEI til vidare utbygging i Lonena, 0-alternativet.

Saka bør og venta til ny kommune er på plass, og bør utsetjast.

Mvh

Atle Austrheim

